



Fylkesmannen i
Hordaland

Invitasjon til samling om *Bergingsaksjon for elvemusling i Hordaland*

Av 21 registrerte bestandar har vi berre 2 livskraftige førekomstar att i Hordaland. 10 av bestandane er utrydda og resten er kritisk trua. Elvemuslingen er ein trua art og det er i hovudsak redusert vasskvalitet som fylgje av aktivitetar på land som utgjer viktigaste trugsmåla i dag. Kommunane har dermed ei nøkkelrolle i å ta vare på sine elvemuslingbestandar. Med denne samlinga ønskjer vi å presentere «bergingsaksjonen for elvemusling i Hordaland» og knyta kontaktane med kommunale sakshandsamarar og andre fagfolk.


Samlinga er lagt opp omkring lokale tilhøve og utfordringar i Hordaland. Det vil vere føredragshaldarar frå Miljødirektoratet, Universitet i Bergen, Rådgivende biologer, Statsarkivet, Landbruksrådgivningen i Hordaland, Bergen kommune og Fylkesmannen i Hordaland.

Målgruppe:

Kommunepolitikarar, arealplanleggarar, landbruks- og skogkonsulentar og miljøvernrådgjevarar i kommunane og private konsulentar.

Tid og stad:

3. – 4. desember 2013. Bergen og Austevoll. Oppmøte Statens hus. Overnatting ved Bekkjarvik Gjestegeri. Fylkesmannen dekkjer mat og opphald.



Elvemuslingen er ein nøkkelart ved at den filtrerar og «reinsar» vatnet og på den måten betrar levkåra for fisk og anna liv i vassdraget. Men utan tiltak vil endå fleire av dei trua elvemuslingbestandane i Hordaland forsvinne.

Program



Tysdag 3. desember (Statens hus, Bergen)		
12.00	Lunsj (Statens hus)	
13.00-13.15	Velkomen	Lars Sponheim, <i>fylkesmann</i>
13.15-13.45	Nasjonalt arbeid for elvemuslingen	Jarl Koksvik, <i>Miljødirektoratet</i>
13.45-14.10	Bergingsaksjon for elvemusling i Hordaland	Magnus Johan Steinsvåg, <i>Fylkesmannen</i>
14.10-14.40	Elvemuslingen - ei kulturhistorisk perle!	Marianne Herfindal Johannessen, <i>Statsarkivet/Åsane Historielag</i>
14.40-15.00	Pause (frukt og kaffi)	
15.00-15.45	Prosjekt «Rein elv Haukås»: Store utfordringar og grønne framtidsvisjonar	Håvard Bjordal, <i>Bergen kommune</i>
15.45-	Transport, Bergen-Austevoll Ferje: Krokeide-Hufthammer kl 17.00	
19.00	Middag - Bekkjarvik Gjestegiveri, Austevoll	
Onsdag 4. desember (Austevoll)		
07:30-08:30	Frukost - Bekkjarvik Gjestegiveri, Austevoll	
08.30-09.00	Kartlegging og status for elvemusling i Hordaland	Steinar Kålås, <i>Rådgivende Biologer</i>
09.00-09.45	Elvemusling og landbruksavrenning: korleis redusere påverknadane?	Øyvind Vatshelle, <i>Fylkesmannen</i> Torleif Bakke Håvik, <i>Landbruksrådgivinga</i>
09.45-10.00	Pause (frukt og kaffi)	
10.00-10.30	Kva kan kommunen gjere for å ta vare på «sin» elvemusling?	Magnus Johan Steinsvåg, <i>Fylkesmannen</i> Håvard Bjordal, <i>Bergen kommune</i>
10.30-11.00	Bevaringstiltak: Storskalakultivering av elvemusling for utsetjing	Per Johan Jakobsen, <i>Universitetet i Bergen</i>
11.00-11.30	Felles biltransport til elvemuslinganlegget	
11.30-12.45	Visning: Nasjonalt elvemuslinganlegg	Per Johan Jakobsen, <i>Universitetet i Bergen</i>
12.45-13.30	Lunsj	
13.30	Avreise. Ferje Hufthammer-Krokeide kl 14.15	